



Tomas Frotjold  
Myking 37  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2517 - 15/22620

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
18.06.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 37/7

Kommunen stadfestar å ha motteke dykk henvendelse 10.6.2015.

### Vurdering

Saka gjeld riving av eksisterande løe på garden. Det vert opplyst at denne har vore til nedfalls i fleire år og De ynskjer av sikkreheitsgrunnar å rive denne. Henvendelsen er supplert med bileter av løe.

Administrasjonen er oppteke av å ivareta tryggleiken og det er naudsynt at bygginger til ein kvar tid er i ei slik stand at de kan nyttast til sitt formål.

Det vert samstundest syna til at å rive bygningar er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e.

Det vert presisert at administrasjonen ikkje er negativ til tiltaket, men at ein må sjå på dette gjennom ei søknadsprosess, der landbruksavdelinga også kjem med opplysningar i saka. Riving av eksisterande bygningar skal også nabovarslast.

For at administrasjonen skal kunne ta stilling til Dykkar henvendelse er det naudsynt at De ettersendar fylgjende dokument:

1. Søknad om riving av eksisterande løe
2. Nabovarsel, der alle nabuar er varsla og har fått innblikk i heile tiltaket.
3. Situasjonsskart i målestokk 1:500 som syner området der løa er plassert, og minsteavstand til nabogrense er opplyst samt minsteavstand til andre bygg. Merk , avstand til nabogrense er kun naudsynt dersom bygget ligg i nærleiken av nabogrense.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Dersom De har spørsmål kring dette ber vi at De tar kontakt. Administrasjonen anbefalar at De tar kontakt med Landbrukskontoret for å få ei uttale i frå De kring drift på garden.

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Tomas Frotjold

Myking 37

5957

MYKING